



# SKINNVEGEN - JENEFJELL

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

- Lengde:** 4-5 timar  
**Passar for:** Dagstur, ikkje for dei yngste eller folk med dårlege kne  
**Parkering:** Parker der stien startar, rett før gardane Tangen og Auklend.  
**Kartblad:** 1313II: Lysekammen

### **Verd å merka seg:**

Stadvis bratt terreng. Mange fine badekulpår langs ruta, men elva er regulert så ver varsam. Glatte svaberg ved vått ver.

Toppen ligg i Setesdal Vestheia Ryfylkeheiane landskapsvernområde.



Foto: Torkjel Solbraa

## OM TUREN

Følg merka løype mot Grautheller frå parkeringa. Første kneika er bratt, men etterkvart flatar stien noko ut. Lauvskogen er frodig og skiftande innover dalen. I enden av dalen følgjer stien eit juv vidare oppover. Her er terrenget bratt og ulendt, men etterkvart som fjellbjørka tek øve landskapsbiletet vert det slakare. Etterkvart som landskapet opnar seg kjem ei lita betongdam til syne. Frå dette punktet forlèt ein stien mot Grautheller og tek i staden ruta sørover mot Jenefjellet. Ferda går oppover to høgdedrag med noko krunglete innsteg, difor går stien i ein stor boge mellom desse. På det siste høgdedraget følgjer ein svaberga skrått oppover heilt til varden på Jenefjell, kor det er mogeleg å sjå utover store delar av Lysefjorden. Dette er eit alternativt vendemål, men dersom ein ønskjer endå meir spektakulær utsikt kan ein gå

lenger ut på ryggen. Frå varden tek ein då nordvest, til ei grasbakke som svingar føre varden og ned til ryggen i sørvest. Terrenget under varden er bratt, så det er viktig å følgje merka rute. Langsetter ryggen går ein heilt fram til ein kan sjå ned til Lysebotn. Retur same vegen.

### Kulturhistorie

Første del av turen følgjer Skinnvegen mellom Valle i Setesdalen og Lysebotn. Namnet stammer frå tida då setesdølane tok med seg skinn og huder for å betala skatt til Stavangerbispen. Same traseen nytta dei til å handla naudsynte varer dei ikkje var sjølvberga med. Den gamle ferdselsåra har ført til tette band mellom Setesdalen og Lysebotn, og setesdølane vart alltid godt mottekne i Lysebotn.



